

## Innspel til næringsminister Jan Christian Vestre

### 14.mars 2024 - Bergen

#### Innspel 1 – Innovasjonsselskapa si rolle i regionen

Siva si verksemد skil seg frå Innovasjon Norge då IN har tilsette rundt omkring i landet (verda), medan Siva organiserer dette via den nasjonale Siva strukturen (næringshagane, inkubatorane og katapultordninga). Det er etter mitt syn ein svært god ordning, men det er ein stor skilnad – IN vert finansiert i sin heilheit via nasjonale og fylkeskommunale budsjett, medan strukturen til siva (innovasjonsselskapa) berre delvis vert finansiert gjennom budsjett (eller anbod som vi har vunne j.fr. nh- og ink. programma). Den andre delen av denne strukturen sin finansiering kjem frå innovasjonsselskapa sjølv. Mange av prosjekta som innovasjonsselskapa jobbar med, og som det er naturleg å jobbe med, j.fr. deira rolle i den regionale innovasjonsstrukturen, er ofte prosjekt med utspring i overordna offentlege handlingsplanar - Og her kjem problemet – dette krev 50% eigeninnsats på prosjektet (j.fr. statstøtteregelverket). Ein kan då spørje seg – kven er det eigeninnsats for ?

Kan næringsministeren (dept.) legge til rette for at fylkeskommunane kan finne ordningar utanfor statsstøtteregelverket t.d. smarte innovative innkjøp ? Slik vil innovasjonsselskapa kunne ta den marknadsprisen som trengst for å kunne drive berekraftige innovasjonsselskap til det beste for regionen dei har sitt virke i.

Det ville i tilfelle også styrke Siva strukturen, noko som igjen vil komme gründerane til gode.

#### Innspel 2 – Tilgang på tidleg risikokapital

**Kapitaltrappa** – Norge har gode ordningar både gjennom Innovasjon Norge og Siva. Men på eitt område – kapital – vil eg hevde at vi har mykje å gå på.

Staten har ikkje eit godt nok kapitaltilbod til oppstartsbedrifter. Staten si satsing på t.d. Investinor og Nysnø hjelper i liten grad dei små oppstartsselskapa, med behov for matching-kapital . Min kjennskap til desse ordningane er at dei nærmast er utilgjengelege for oppstartsselskap som treng td. 250 000,- til 5 000 000,- i ein tidleg oppstartsfase. Her kjem **kapitaltrappa** inn – det opplevast som at både trinn 1 og trinn 2 manglar. Det er kun i liten grad at innovasjonsselskapa sjølv har eigne fond som kan gå inn i denne fasen. Risikoene er svært høg, so høg at dette burde vere eit offentleg ansvar.

Det har tidlegare vorte gjort forsøk frå staten si side med både såkornfond, presåkornfond osv. Men ein kjem heile tida attende til at desse statlege ordningane ikkje vil ta den risikoene det er å gå inn med kapital i oppstartfasen – intensjonen er der, men krav til avkastning og manglande risikovillighet stoppar intensjonen.

Kunne ein etablert ei ordning der Siva organiserer eit kapitalinstrument til bedrifter tekne opp i inkubasjonsprogrammet? Det kunne vere ei prekvalifisering i tillegg til den vurderinga lokale oppstartsfond gjer.

Då ville ein få ei heilheitleg oppfølging – inkubator – kapital – vekst

Sogndal/Førde, 12.mars 2024

Kjetil Kvåle – dagleg leiar  
Kunnskapsparken Vestland